

Føremål og retningslinjer for administrativt kontaktutval i Breheimen

Føremål

1	Det administrative kontaktutvalet vert oppretta for å sikre at forvaltninga av verneområda vert godt integrert i og samordna med den kommunale/fylkeskommunale forvaltninga.
2	Det administrative kontaktutvalet skal fungere som ei fagleg støttegruppe for nasjonalparkforvaltar /nasjonalparkstyret.

Samansetjing av utvalet

3	Skjåk kommune: Tor Taraldsrud, vara ... Lom kommune: Sander Sælthun, vara Luster kommune: Steinulf Skjærdal, vara Jarle Skartun (rådmann) Oppland fylkeskommune: Rigmor Myhre Sogn og Fjordane fylkeskommune: Joar Helgheim
---	---

Konkrete oppgåver og rutinar

4	Kvar einskild representant frå utvalet vert trekt inn i saker etter behov for framskaffing av nødvendige opplysningar for vurdering/handsaming av saka, både fagleg og lokal kunnskap. Fylkeskommunane har eigne kontaktlistar med personar som kan kontaktast frå sak til sak, avhengig av kva tema ein har med å gjere.
5	Finne gode rutinar for sakshandsaming etter ulikt lovverk med tanke på: <ul style="list-style-type: none">– gjensidig informasjonsutveksling– samordning av sakshandsaming– å gjere søknadsprosessen og informasjon til brukarar/søklarar lettare. Og vidare: <ul style="list-style-type: none">– bidra til samordning med/og informasjon om andre forvaltnings- og utviklingstiltak som kommunen/fylkeskommunen deltek i med relevans for verneområda/forvaltninga av verneområda.– vidareformidle informasjon og kunnskap om verneforvaltninga i eigen kommune/fylkeskommune, både administrativt og politisk, og ovanfor lokalsamfunnet (eks. informasjon på nettsider).– sørge for at prinsipielle saker som er handsama i nasjonalparkstyret vert lagt fram/el. referert for politikarane i eigen kommune/fylkeskommune.– kome med innspel til nasjonalparkstyret i samband med bestillingsdialog, t.d. om behov for tiltak i eigen kommune/fylkeskommune (avklare type tiltak, finansiering av tiltak, ansvar og oppfølging)

6	Saker som <u>krev</u> handsaming etter verneforskrifta, vert <u>normalt</u> handsama etter verneforskrifta før handsaming i kommunen etter anna lovverk (PBL, landbruksvegforskrift, motorferdsellova osv.). I tilfelle der reglane er strengare etter anna lovverk, bør saka først handsamast av kommunen.
---	---

Praktiske forhold

7	Utvalet har minimum 2 møter i året, og elles etter behov.
8	Møta vert haldne i dei ulike kommune etter tur.
9	Møtetid og samordning av sakshandsaming og informasjon vert dekkja av den einskilde representanten sitt eige budsjett. Møterom og mat vert dekkja gjennom tildelte forvaltningsmidlar for drift av styre og utval.